

OPPSTARTSMELDING**Eikefet Steinbrot. PlanID 2025002.**

Saksnr.: 2024/13065

Til

Dato: 15.5.2025

Naboar/organisasjonar/myndigheter

Melding om oppstart av detaljregulering, gnr 221 bnr 2 m.fl

Dette dokumentet varsler naboar/organisasjoner og aktuelle myndigheter om oppstart av detaljreguleringsplan, plan- og bygningslova(pbl) §12-8 for del av eksisterande Eikefet steinbrot, samt kaiområdet. Samtidig blir parallel behandling varsla av plan og byggjesak, jf pbl §§ 1-7 og 12-15. Multiconsult er plankonsulent. Tiltakshavar er Eikefet Minerals AS.

1.1 Formål og tiltak

Formålet med planendringane er leggja til rette for ein meir effektiv produksjon for uttak og distribusjon av stein. Nye anlegg er nødvendig for å effektivisera og forbetra pågåande prosessar. Nye anlegg vil sikra arbeidsplassar og betra arbeidsforhalda, og samt betra miljøforhalda med blant anna mindre forureining frå utslepp og transport.

Eksisterende prosessanlegg er svær utdatert, både når det gjeld effektivitet, helse, miljø og sikkerheit. Logistikken i uttaksområdet er utilfredsstillande og lastekapasiteten til skip for dårleg. Sjølv om anlegget blir reparert, vil konkurransen vere svekka. Reparasjon vil vere omfattande og forbunde med svært store kostnader.

Gjeldande reguleringsplan tilrettelegger ikkje for dei nødvendige tiltak og det er difor nødvendig å endre reguleringsplanen. Det vert samtidig satt igang arbeid med rammesøknad, fordi det er nødvendig med snarleg oppstart etter vedtatt reguleringsplan.

Figuren under syner eksisterande steinbrot med kart og flyfoto. Det er meir informasjon om planområdet og omgjevnader i Planinitiativet som følgjer vedlagde.



Figur 1 Oversiktskart som viser eksisterende anlegg, raud stipla strek er tunell E-39.

Planendringa vil i all hovedsak vere i samsvar med kommuneplan, Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland tek ikkje for seg område i sjø som allereie er regulert på detaljnivå. Deler av planlagt kai vil ligge utanfor plangrense for gjeldande reguleringsplan.

Endringa er i hovudsak i samsvar med gjeldande reguleringsplan når det gjeld grense for uttak og areal til prosessanlegg, men avvik noe når deg gjeld føresegner samt areal til kai. Meir informasjon om dette finn du i vedlagt planinitiativ, kpt. 2.


DC Eikefet har konsesjon til å ta ut 200 mill. tonn stein. Det skal ikkje takast ut meir stein totalt enn det gjeldande konsesjon gir høve til. Målet er å auka uttak frå 1,5 mill til 4. mill pr. år tonn, med oppstart i 2027. For å nå måla trengst ein godkjend reguleringsplan seinast hausten 2026.

Med planlagd auke av uttaksintensitet kan brotet avsuttast om 35 til 40 år.

Planlagde tiltak:

- Nytt og større prosessanlegg, med innkapsla prosesseringseiningar.
- Ny innkapsla transportbro for stein over E-39 fram til lasting frå ny kai.
- Ny flyte-kai med plass til to skip og lasteanlegg
- Flytte sjakt og lage eit nytt underjordisk anlegg med knuseverk og lager
- Nytt sedimentteringsbasseng

Tiltaka er nærmare omtala i kpt. 1.3 under.




Figur 2 Prinsippskisse som viser underjordisk anlegg med ny sjakt (orange), prosessanlegg i dagen med knuseverk (grønt rektangel) og siloløysning (blå og rauda sirklar) og flytekai (grå).

1.2 Varslingsgrense

Planområdet ligg ved utløpet av Eikefetelva. Avgrensinga omfattar delar av fjella i nordaust, aust og vestsida av elvas utløp i fjorden og areal på dagens industriområde ved E39. Førebels planområdet er på om lag 800 daa. Gnr. 221, bnr. 1, 2, 13 og 13 vert omfatta av planen.

Kart med varslingsgrense følger med som vedlegg. Varlingsgrensa er førebels plangrense.


Planområdet kan bli mindre iløpet av planprosessen.



Figur 3: Forslag til varslingsgrense og varslingsgrense over gjeldende reguleringsplan, Eikefet og Urdal, Planid 4631-1263-201107. Kjelde: Arealplan. Kjelde: Multiconsult.


1.3 Planinitiativet

Det er planlagt ny sjakt til erstatning for eksisterte sjakt som ligg i den delen av steinbrotet som er avslutta. Ny sjakt vil lede ned til eit nytt underjordisk anlegg med tuneller og lagerhall. Grovknusing skal gå føre seg inne i fjellet, rett under sjakta, jfr. Figur 4 under.



Figur 4 Underjordiske anlegg med orange farge. Sjakt fra dagbrot, grovknuser, lagerhall og kjørbare tuneller. terrassering viser nedtrappingsplan for dagbrotet. Kjelde: Eikefet minerals AS

Produksjonen blir normalt fordelt i 3 ledd. Sprengstein blir transportert frå brotet og tippa i ei sjakt som fører den ned til ein hovedknusar inne i fjellhallen. Det vil vera ein lagerhall for masser inne i fjellet. Etter grovknusing deler produksjonen seg i etterknusing og finknusing, som vil foregå ute på eksisterande produksjonsområde, sjå Figur 5 under.



Figur 5: Knuseanlegg, silo og kaianlegg. Fargane er førebels. Kjelde: Eikefet Minerals AS.

Knusarar vil bli samla i eit lydisolert bygg. Knust stein vil bli fordelt i siloar med kapasitet på 8000 m^3 , og høgde opp mot 45 meter (inkludert innkapsla siktestasjonar over silo). Siste ledd er eit vindsikteanlegg som tar filler (fineste kornfraksjon) frå sanden.

Det vert ikkje brukt vatn i prosessen, all produksjon er tørr. Det blir berre brukt vatn for støvdemping.

Siloane vil vera direkte over lastelinja, slik at massane ikkje trengst å bli handterte av lastemaskin. Det er planlagt å nytte naturfargar på silo og silanlegg.

Det vert etablert sedimenteringsbasseng for å samla opp og reinska overvatn før dette når sjø.

Stein blir frakta på tunellbånd i lukka behalder frå siloanlegget bort til den nye flytebrygga. Endeleg plassering vert gjort iløpet av planprosessen, førebels plassering som vist på figuren under. Diameter tunell er ca. 3 meter.



Figur 6 Lukket transportbånd for frakt av masser over til lastanlegg ved kaia. Kjelde: Eikefelt Minerals AS.

Utskiping vil skje frå ny kai sør for E-39. Kaien kan ta imot skip opp til og med 30 000 tonn, med lengde opp til og med 175 meter. Fleire skip (minst to) kan avballastere og laste i rask rekkefølge, eit av gangen. Eksisterande lastekai ved asfaltverket blir oppgradert til dagens standard.

Fytekai vert forankra til land med ein vaier til kvar siden. Den vert bygd ca.12 meter under flytekai, slik at den ikkje vil vere til hindar for skipstrafikken. Det er meir informasjon om konstruksjonen i planinitivet.



Figur 7 Kai med fastdel og flytedel. Raud line viser trase for forankring til land. Kjelde: Eikefet Minerals AS.

1.4 Konsekvensutgreiing

Dette er ikkje eit vedlegg I tiltak. Planen er vurdert opp mot § 8 a, jf. Vedlegg II, punkt nr.10 f, 2 a og 11 j.

Med bakgrunn i vurderingar etter § 10 i KU-forskrifta, vil følgjande tema verta konsekvensutgreia:

- Landskap (§ 10, bokstav a)
- Forurensning (§10 bokstav g)

Det vert ikkje utarbeida planprogram for denne reguleringsplanen, jf. KU-forskrifta § 8. Meir informasjon om hvilke vurderinger som er gjort, sjå Planinitiativet kpt. 9.

1.5 Saksdokument og merknader

Informasjon om prosjektet kan følgjast på kommunens nettsider. Plandokument i samband med varsel om oppstart vert også lagt ut på Multiconsult si heimeside.

Det vert ikkje halde offentleg møte i samband med oppstart. Kommunen avklarar om det vert offentleg folkemøte i samband med høyring av planen.

Eventuelle synspunkt til planoppstart/søknad om rammeløyve sendast skriftleg til:

Multiconsult Norge AS, Nesttunbrekka 99, 5221 Nesttun, att: Solveig Renslo,
eller via e-post Solveig.Renslo@multiconsult.no med kopi til olav.sivertsenmonstre@multiconsult.no.

Alle merknader vert kommentert av tiltakshavar og sende til kommunen saman med forslag til reguleringsplan. Dette vert offentlege dokument.

Høyringsfrist er **17. juni 2025**.

Vennleg helsing

Solveig Renslo

Oppdragsleiar hos Multiconsult.

Vedlegg:

Planinitiativ

Kart med varslingsgrense